

Jæren Turlag  
Stavanger Turistforening



# Årsmelding 2020



Anne Reidun Garpestad  
Leiar Jæren Turlag

# Årsmelding 2020

Som for alle andre, har også 2020 for Jæren Turlag vore prega av covid-19. Turar har blitt avlyst, det har vore påmelding til alle turane, og det har vore begrensa kor mange som har kunna delta.

Til tross for dette, så har mange turar blitt arrangert.

Jæren Turlag består av medlemmar i Stavanger Turistforening frå kommunane Gjesdal, Hå, Klepp og Time. Melder du deg inn i Stavanger Turistforening, og bur i ein av desse fire kommunane, vert du automatisk medlem i Jæren Turlag. Jæren Turlag har 3641 medlemmar.

## 1. Styret i 2020

Styret for 2020 har bestått av følgjande:

Leiar: Anne Reidun Garpestad

Styremedlemmar: Mabel Anda, Anne Grete Madland Tjemsland, Svanhild Arnegård, Randi Otterlei Malmin, Marte Dale og Arnfinn Særheim. Varamedlemmar: Jenny Kleppe og Einar Jordebrekk.

Valkomiteen har bestått av Ragnhild Aanestad og Ronny Rustøen

Styret har hatt 7 styremøte, mange av dei har vore digitale. På to av styremøta har styret hatt besøk av Preben Falch, leiar i Stavanger turistforening. I tillegg har styret hatt ei strategisamling som vart lagt til Gramstad. Styret har og hatt dialog med Stavanger turistforening om ønsker og planar for moglege hytteprosjekt.

Det har vore fleire digitale møte med Stavanger turistforening. Desse møta har mest av alt hatt fokus på smittevern og korleis turlaga skulle forhalda seg til turar og arrangement og kva som var mogleg å få til, til tross for pandemien.

## 2. Turar

Jæren turlag har fire ulike turgrupper/turalternativ:

- Nærturar
- Barnas Turlag Jæren
- Høgt og Lågt
- Fjellturar

**Nærturar:** fram til 2020 hadde turlaget arrangert nærturar 1 gong per måned, med varierende deltaking, og det var helst få som møtte fram. Det var behov for å gjera nokre tiltak dersom desse turane fortsatt skulle vera del av turprogrammet. Turlaget gjekk inn for å auka talet på nærturar til kvar 14 dag, og det skulle vore arrangert totalt 23 nærturar i 2020. Det har vore arrangert 19 nærturar, fire har blitt avlyst. 479 deltakarar har vore med, alt frå 50 til 17 deltakarar per tur. Det er ein stor auke samanlikna med åra før. Det vart laga eigen turfoldar for at det skulle vera lett å ha oversikt over turane.





Nærtur «Tinghaugrunden»



Fjelltur «Topptur til Ramstoknuten»

**Barnas Turlag Jæren:** Barnas turlag har arrangert 6 turar, inkl Kom-deg-ut-dagen i februar og september. I februar var det 440 små og store som var med på Kom-deg-ut-dagen i Kleppeloen og i september hadde vi to opplegg, tur i Madland og aktivitetsopplegg i Kleppeloen, med begrensa tal på deltakarar. I alt 8 turar har blitt avlyst. Tilsaman har 729 vore med på turane og arrangementa.



Tur med Barnas Turlag Jæren



Tur med Høgt og lågt

**Høgt og Lågt:** Turgruppa har arrangert 6 turar, 4 er blitt avlyst. Tilsaman 105 har delteke på turane

**Fjellturar:** Det har vore 6 fjellturar, 4 har blitt avlyst. Tilsaman 83 har delteke.

Tilsaman 1400 har delteke på til saman 34 turar.

Førjulsfesten i november måtte vi avlyse pga covid-19.

Turlaget har trykt opp sitt eige turprogram i 2020, som vart spreidd rundt i alle fire kommunane

### 3. Dugnad

Jæren Turlag har bidratt med dugnad for Time kommune i samband med turopplegget Ti Turar i Time.

### 4. Dagsturhytteprosjekt i Rogaland

Stavanger Turistforening har hatt nettmøte med alle turlaga for å informera om dagsturhytteprosjektet til Rogaland fylkeskommune. Dagsturhytteprosjektet starta i det som då var Sogn og Fjordane fylke. Nå har prosjektet kome til Rogaland, i regi av



fylkeskommunen, og alle kommunane i fylket er invitert til å vera med å realisera dagsturhytte i sin kommune. Korleis kommunane kan samarbeida med turlaga kan f eks vera at turlaga får ansvar for enkelt vedlikehald, og inngår ein driftsavtale. Jæren Turlag har fått føresørsel frå Time kommune om enkelt vedlikehald av dagsturhytta som Time kommune skal setja opp i 2021.

**5. Kurs.**

Jæren Turlag har for første gong arrangert kurs for frivillige. Turlaget arrangerte Ambassadørkurs med 17 deltakarar.

Bryne, 8.mars 2021

Anne Reidun Garpestad

Leiar Jæren Turlag